



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.03.2017
Vår ref.: 2014/14136-7
Saksbehandlar: anethom
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Nye retningslinjer for Norsk kulturråd si festivalstøtteordning og finansiering av Festspillene i Bergen

Oversender til orientering politisk sak og vedtak angående Norsk kulturråd si nye støtteordning for musikkfestivaler og finansiering av Festspillene i Bergen.

Ronny Skaar
Seksjonsleiar/utviklingssjef

Tone Stedal Haugland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/14136-6
 Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Ronny Skaar

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	19/17	15.02.2017

Nye retningslinjer for Norsk kulturråd si festivalstøtteordning og finansiering av Festspillene i Bergen

Samandrag

Norsk kulturråd vedtok 15.12.16 nye retningslinjer for Kulturfondet si tilskotsordning for musikkfestival-feltet. Det har vore jobba med omlegging av tilskot til dette føremålet, inkludert korleis ein skulle innrette tilskot til dei tidlegare knutepunktfestivalane, gjennom eit par år.

Knutepunktordninga for festivalar vart avvikla i 2015 og finansieringa av dei 15 festivalane og festspela vart overført til Norsk kulturråd/Norsk kulturfond frå og med 2016. For Hordaland gjaldt denne omlegginga av knutepunkt Festspillene i Bergen (FiB). I denne samanheng fekk Kulturrådet i oppdrag av Kulturdepartementet å utarbeide ei ny festivalstøtteordning for dei 15 knutepunktinstitusjonane. Fylkeskommunane og relevante kommunar har vore invitert til dialog og innspel administrativt. Det har ikkje vore lagt ut forslag på offentleg høyring.

Hordaland fylkeskommune sendte inn eit slikt innspel 29.09.16, der ein uttrykte ei positiv haldning til arbeidet med retningslinjene generelt, men uttrykte at ein såg det som uhensiktmessig å innlemme ein institusjon som Festspillene i Bergen i ei slik generell musikkfestivalordning, og at Festspillene fortsatt bør støttast med fast driftsløyving over statsbudsjettet.

Då knutepunktfestivalane vart overført til Norsk kulturråd/Norsk kulturfond beslutta rådet å vidareføre tilskota for 2016 og 2017 slik dei hadde vore, for å gje festivalane tid til planlegging. Den nye ordninga trer i kraft i 2018.

Festspillene i Bergen har etter at knutepunktordninga vart avslutta jobba for at Festspillene skal tilbakeføres som fast post på statsbudsjettet, og ikkje ligge inn under Kulturrådet / Norsk kulturfond.

Vedlegg:

Nye retningslinjer for kulturfondet si støtteordning for musikkfestivalar
 Oversyn over tidlegare knutepunktfestivalar og tilskot i 2017.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek følgjande:

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til retningslinjene for tilskotsordning for musikkfestivalar, og trur at ordninga vil gje høve til god utvikling på musikkfestivalfeltet.

2. Festspillene i Bergen er ein institusjon som er ansvarleg for den største musikk- og teaterfestivalen i Norden, og skil seg såleis klart ut frå norske musikkfestivalar i kraft av omfang, varigheit, kunstnarleg breidde og internasjonal posisjon. Festspillene i Bergen må difor finansierast med fast driftsstøtte, fortrinnsvis over statsbudsjettet.
- 3 Hordland fylkeskommune føreset at Norsk kulturråd følgjer opp med gode rutinar for samhandling med fylkeskommunar og kommunar når det gjeld funksjonsdelingsavtaler og regional støtte.

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 15.02.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek følgjande:

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til retningslinene for tilskotsordning for musikkfestivalar, og trur at ordninga vil gje høve til god utvikling på musikkfestivalfeltet.
2. Festspillene i Bergen er ein institusjon som er ansvarleg for den største musikk- og teaterfestivalen i Norden, og skil seg såleis klart ut frå norske musikkfestivalar i kraft av omfang, varigheit, kunstnarleg breidde og internasjonal posisjon. Festspillene i Bergen må difor finansierast med fast driftsstøtte, fortrinnsvis over statsbudsjettet.
- 3 Hordland fylkeskommune føreset at Norsk kulturråd følgjer opp med gode rutinar for samhandling med fylkeskommunar og kommunar når det gjeld funksjonsdelingsavtaler og regional støtte.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.01.2017

Musikkfestivalstøtta generelt – ny tredelt ordning

Den nye ordninga for stønad til musikkfestivaler og korleis ein ville innrette støtta til dei tidlegare knutepunktfestivalane vart presentert i pressemelding, publisert på Kulturrådet sine nettsider 16.12.16.

Kulturfondet si musikkfestivalordning er gjort om til ei tredelt ordning med ulike grader av langsiktighet. Det kan søkjast om festivaltilskot i eitt, tre eller fem år.

Festivalordninga skal sikre at det vert utvikla og oppretthaldt eit mangfald av festivalar av høg kvalitet. I botn ligg kvalitetsvurdering av innhald og program, i tillegg skal det vere god geografisk spreining og regional forankring. Samspel og kompetansedeling mellom festivalar og andre aktørar i kulturlivet vert også vektlagt, noko som samsvarar godt med fylkeskommunen sine eigne føringar i Regional kulturplan 2015-2025. Lokal og regional medfinansiering skal belønnast, og systemet for denne lokale og regionale medverknaden vert annleis i den ny ordninga. Kulturrådet ser dei nye retningslinene som eit betre løysing for både sikre forutsigbarheit gjennom fleirårige tilskot og for å gje rom for at nye festivalar skal kunne komme inn på ordninga.

Det vil i den nye tilskotsordninga for musikkfestivalar bli vurdert positivt for alle festivalar å ha dokumentert tilsegn om tilskot frå fylkeskommune og kommune. For dei langsiktige tilskota stilles det *krav* til at fylkeskommunar og kommunar medverkar med ei avtalefesta, fast prosentfordeling for det samla offentlige tilskotet til festivalen. Slik avtale gjaldt tidlegare berre knutepunktfestivalane, og var inngått mellom Stat, fylkeskommune og kommune. I Hordaland gjaldt dette berre Festspillene i Bergen.

Fylkesrådmannen ser positivt på dei nye retningslinene generelt, og meiner føremål og vurderingskriteria er gode for dei andre festivalane i fylket utanom Festspillene i Bergen. Delinga av festivalstøtta i ei eittårig-, ei fleirårig- og ei femårig ordning der sistnemnde kan omfatta både tidlegare knutepunkt-festivalar og andre festivalar med særskild tyding er positivt, og vil kunne sikre stabilitet, samtidig som den medverkar til en dynamikk på festivalfeltet.

Det kan vere mange gode grunnar til å arrangere festivalar på store og små stader i landet. Finansieringa kan spegle desse grunnane, og t.d. meir breie folkefestar kan finansierast av billetinntekter og private sponsorar el. Dei «smalare» nisjefestivalane med særskilt kunstnarisk tyding kan svært sjeldan finansierast slik, og fylkesrådmannen ser at kulturfondet si støtteordning for musikkfestivalar – der høg kvalitet vert vektlagt - er viktig særleg for dei festivalane som legg størst vekt på kunstnarleg nivå og eigenart.

Dei nye retningslinene er tydelegare på regional medverknad og forplikting, med ulik modell for dei ulike delane av ordninga. Dette kan gje sterkare regional styring og ansvar, noko fylkesrådmannen ser som bra. For at denne ansvarsdelinga skal fungere godt krev det at det vert lagt opp til systematisk, god dialog og samhandling. Mellom anna må det vurderast i forhold til kommunelovens krav til årlege budsjettvedtak.

Det såkalla kompetanseoppdraget som tidlegare låg til knutepunktinstitusjonane er fjerna. 12 av dei 15 tidlegare knutepunktfestivalane vert definert innan kategorien musikkfestivalar og skal frå neste år søkje støtte gjennom denne nye festivalordninga. I dag er spennet i tilskotsnivå til dei tidlegare knutepunktfestivalane stort, og Festspillene i Bergen ligg klart i toppen her med 20 823 264 kr i tilskot frå Kulturrådet i 2017.

Tidlegare knutepunktordning for festivalar

I brev av 21.12.15 frå Kulturdepartementet med henvisning til Stortingets budsjettvedtak av 9. desember 2015 vart Hordland fylkeskommune informert om avviklinga av knutepunktordninga for festivalar frå 1. januar 2016 og om at desse festivalane vart overført til kulturbudsjettets kap. 320, post 55 Norsk kulturfond. I tråd med avviklinga av knutepunktordninga seier Kulturdepartementet opp gjeldande

funksjonsdelingsavtale mellom stat, fylkeskommune og kommune for berørte festivalar frå 30. juni 2017. Det var også skreve i same brev:

Til orientering vil Kulturdepartementet i tildelingsbrev for 2016 gi Norsk kulturråd og Norsk filminstitutt i oppdrag å invitere berørte fylkeskommuner og kommuner til å inngå nye funksjonsdelingsavtaler for å sikre at delingen av det offentlige tilskuddet mellom stat, fylkeskommune og kommune til berørte festivaler videreføres også etter 2017. Det bør tilstrebes en fordelingsnøkkel i de nye avtalene lik den som gjelder i dag.

Éin av grunnane til at knutepunktsinstitusjonane hadde markant høgare tilskot enn festivalar støtta av Kulturrådet gjennom festivalstøtteordning, var deira ulike forpliktingar og oppdrag innanfor knutepunktordninga. Spesielt har det såkalla kompetanseoppdraget vore omdiskutert, og har vore oppfatta og forvalta ulikt av ulike festivalar. Alle desse knutepunktsinstitusjonane/-festivalane har vore gjennom ei evaluering dei siste åra.

Det er Musikkutvalget for arrangør- og festivalstøtte i Kulturrådet som har utarbeidd forslag til nye retningslinjer, og som skal handsame festivalsøknadene. Utvalet uttaler at utvikling og deling av kompetanse mellom festivalar bør vere ei generell forventning til alle festivalar som får tilskot frå Kulturrådet, og har difor foreslått å fjerne dette som eit oppdrag for nokon særskilde festivalar.

Dei fleste av festivalane som hadde knutepunktoppdrag då ordninga vart avvikla i 2015 er musikkfestivalar. Dei av festivalane som klårt fell utanfor musikkfeltet, har Kulturrådet overført til andre ordningar i Kulturfondet under sine respektive fagfelt. Det gjeld Litteraturfestivalen på Lillehammer (litteratur), Lofoten International Arts Festival (visuell kunst) og Peer Gynt Stemnet (scenekunst).

Dei 12 andre festivalane, definert som musikkfestivalane, blir del av ei stor festivalordning som omfattar alle musikkfestivalar. Denne nye ordninga er delt inn i tre, der ein søker om støtte anten i eitt år, i inntil tre år eller for inntil fem år. I dag er spennet i tilskotsnivå i ordninga frå 100 000 kroner til 20 mill. kr i årleg tilskot. Kulturrådet veit ikkje korleis dei økonomiske ramane blir framover, men seier at spennet blir uansett stort innanfor ordninga.

Festspillene i Bergen

Festspillene har sidan 1953 vore ein kulturell institusjon i Noreg. Festspillene er den største musikk- og teaterfestivalen i Norden, og skil seg klårt ut frå norske festivalar i kraft av omfang, varigheit, kunstnarleg breidde og internasjonal posisjon. Festspillene i Bergen spelar ei viktig rolle som utviklingskraft i nært samspel med institusjonar og kulturliv og går i sitt verke langt utanom sjølve festivalperioden.

Kulturrådet har definert Festspillene i Bergen innanfor musikkfestivalområdet, men fylkesrådmannen ser Festspillene i Bergen som ein sterk institusjon med eit program langt utover musikkfeltet, og kan såleis ikkje sjå at Festspillene i Bergen høver å passe inn under den nye festivalstøtteordninga.

Fylkesrådmannen meiner at det er naturleg at Festspillene i Bergen får sin finansiering over statsbudsjettet, og ikkje vert ein del av Norsk kulturfond si tilskotsordning for musikkfestivalar.

Fylkesrådmannen ser ikkje Festspillene i Bergen som ein musikkfestival, men ein institusjon som arrangerer ein festival med mange kunst- og kulturuttrykk, i tillegg til musikk særskild scenekunst.

I vedtektene til Festspillene ligg følgjande føremål:

§1 FORMÅL

STIFTELSEN FESTSPILLENE I BERGEN har som formål innenfor et bestemt tidsrom å organisere kunstneriske arrangementer på høyt nasjonalt og internasjonalt nivå.

- Arrangementene skal gi et bilde av de beste norske og internasjonale kunsthendelser, vesentlig innenfor musikk, men også ballett, opera, teater, folklore og andre kunstarter.
- Festspillenes målsetting er å være den fremste norske manifestasjon i sitt slag, med internasjonal gjennomslagskraft.

Ei fast driftsstøtte er naudsynt for FiB, ikkje berre på grunn av historie og storleik, men også fordi drifta dei siste åra er ytterlegare profesjonalisert og «institusjonalisert», med effektiviseringstiltak (LEAN), offentlege anbod, profesjonalisering av sponsorarbeid, beredskapsarbeid osv.

Festspillene er bygd opp til det det er i dag gjennom meir enn seksti år med langsiktig grunnfinansiering frå det offentlege. Dette har lagt grunnlaget for at FiB i dag genererer like mykje i eigeninntekter (billett- og sponsorinntekter), som det offentlege tilskotet.

I løpet av denne tida har Festspillene i Bergen også utvikla og haldt ved like eit stort nettverk av nasjonale og internasjonale samarbeidsrelasjonar. Desse relasjonane gjer det mogleg for FiB å ivareta og utbygge den nasjonale og internasjonale posisjonen som ein av dei leiande festivalane av sin art i Europa. Dette betyr vidare at FiB både kan ta på seg rolla som initiativtakar og medspelar i store, komplekse produksjonar, som berre dei tyngste festivalane et internasjonalt perspektiv kan løfte. Bak denne posisjonen nasjonalt og internasjonalt ligg ein gjennom mange år akkumulert tung kunstfagleg og administrativ kompetanse. Det er viktig for Festspillene å kunne behalde denne posisjonen, og ei meir usikker finanseringsordning kan gjere dette vanskeleg.

Fylkesrådmannen meiner såleis at Festspillene i Bergen ikkje bør motta si finansiering frå kulturfondet si tilskotsordning for musikkfestivalar, men bør ha si årlege finansiering som driftsstønad, fortrinnsvis direkte frå Kulturdepartementet.

Sterkere regional støtte for fleire festivalar

Ut i frå tidlegare års søknader til Kulturrådet frå festivalar i Hordaland og tilskot som er gitt til desse er det no fleire festivalar som er potensielle søkjarar til fleiråring festivalstøtte, og som såleis treng stadfesting på lokal og regional støtte. Følgjande festivalar har dei siste åra fått tilskot på omlag ein million kroner årleg frå Kulturrådet:

Bergenfest	Populærmusikk	2016 K.rådet 1 100 000 / HFK 0 i 16, 100 000 i 2017
Borealis	Klassisk/samtidsmusikk	2016 K.rådet 900 000 / HFK 196 000
Nattjazz	Jazz/improvisasjonsmusikk	2016 K. rådet 1 350 000 / HFK 109 000
Vossa Jazz	Jazz/improvisasjonsmusikk	2016 K.rådet 1 200 000 / HFK 341 000

Alle desse festivalane får driftsstøtte over HFK sitt kulturbudsjett, og får no tilskot frå kommune og fylkeskommune som til saman utgjer ein betydeleg prosentandel. Kommunen og fylkeskommunen må likevel vere budd på å justere tilskota og inngå forpliktande avtaler om finansiering av desse festivalane.

Det er også andre festivalar som har fått betydeleg støtte frå Kulturrådet dei siste åra og som kan be om fylkeskommunale støtteerklæringar ol. Av desse har følgjande driftsstøtte av ulik storleik over HFK sitt kulturbudsjett:

Ekko	Flere sjangre musikk	2016: 650 000
Fartein Valen-festivalen 2017	Klassisk/samtidsmusikk(Rogaland/Hordaland)	2017: 300 000
Hardanger Musikkfest	Klassisk/samtidsmusikk Hordaland	2016 400 000
Hardingtonar	Klassisk/samtidsmusikk Hordaland	2016 100 000
Osafestivalen	Folkemusikk/tradisjonsmusikk Hordaland	2016 350 000

